

MÅNADENS DIKT

Byen forma som ein nykel

Under brupilarane stig tåka mot
den lodne himmelen over muldyrmannen,
han som bøyer seg

framfor den lange reisa sørover.
Kråkene som flyg over steinhellene på taket

ber bod om at den kalde greina under måneljoset
er i slekt med den skjelvande skrifta
i eit kjærleiksbrev.

Tre nakne soldatar talar lågt i graset som bølger under
oss.

Ein handelsmann dreg den motviljuge kløvhesten sin
mot varmen i vertshuset.
Når den ureine mannen i sjela mi gjev opp

er det fordi han er fattig
og ikkje har ein annan stad å gå. Om morgonen er stove-
golvet
like kaldt, omnen har vore av heile natta.

Lyden av kviskrande elskarar har spjerra søvnen min i
tusen bitar.

Eg trur ikkje lenger at dei vonde handlingane mine
blir verande i det rykande tempelet
mellom beina
og kroppen.

Kva skal ein seie, drukna i augneblinken til vidgjetne
herrar?

I eldre tider sat menn som oss
under ei grein
for å lære seg kunsten å døy utan ein lyd.

Bjarne Bjørnevik

JURYENS KOMMENTAR

Nokre dikt har ei klår og enkel form, og gir frå seg så mykje av sin innebygde informasjon ved første gongs lesing, at ein vert slått av heilskapen og samanhangen. Slik er det ikkje med månadens dikt. Det veks frodig fram og er rikt på svært ulike bilete. Det inneheld òg nokre veldige sprang frå det eine bilete til det andre, ofte med ei forbløffande og overraskande utviding av innhaldet. Eit dirrande døme på dette er: «Kråkene som flyg over steinhellene på taket // ber bod om at den kalde greina under måneljoset / er i slekt med den skjelvande skrifta/i eit kjærleiksbrev.»

Ein ting er at ein kan sjå at ei kald grein i månelys kan likna på handskrift, men her liknar greina på ei skjelvande skrift; javel, greina skjelv kan hende litt i vinden, men kvifor skjelv handa som skriv kjærleiksbrevet? Og det er kråkene som ber bod om denne likskapen. Korleis gjer dei det? Og kvifor? Heile diktet opnar nye scenario gong på gong, som kinesiske esker – og kvar gong ein ny situasjon, eit nytt bilete frå den menneskeleg saga vart skildra, oppstår det nye spørsmål. Kvifor er soldatane nakne? Kvifor skal muldyrmannen dra sørover? Kva slags tempel er det snakk om? Og kvifor ryk det? Og så vidare og vidare.

Ein kunne innvende, at alt dette må jo skape eit forvirrende og usamanhangande dikt. Me i juryen opplever det tvert om som eit dikt med ein sterkt samlande energi, men eit dikt som famnar inn og løftar fram saga om det å vera menneske gjennom tid og stad. Om fattige og vidgjetne, soldatar og handelsmenn, om liv og død. Og på eit nesten magisk vis demonstrerer diktet dermed kva språket, kva fragment av forteljingar og kva det poetiske er i stand til å skapa, utan å ty til lineære og forenkla samanhangar. Månadens dikt er, slik me ser det, ei feiring av poesien kraft.

Poetisk Praksis og Diktammeret: Bokmagasinets diktspalte redigeres av poetene Endre Ruset og Joakim Kjorsvik. Vi trykker nye, innsendte dikt av etablerte og uetablerte forfattere. Bidrag mottas på adressen poetiskpraksis@klassekampen.no. Spalta har dessuten et samarbeid med Diktammeret, et åpent, nettbasert skriveverksted for poesi, hvor Helge Torvund er veileder. Poeter kan også gå inn på Diktammerets nettsider og delta der: diktammeret.no. Hver måned kårer juryen i Diktammeret en månedens poet, som intervjues og trykkes i Bokmagasinet.



SAMARBEID: Filosof Simon Critchley skriver om fotballens sosialistiske vesen. FOTO: CRISTOPHER OLSSON

Samspel: I fotball kan kollektiv kraft opne for individuell utfolding.

Fotballens former

Sjølve fotballen er rund, men dei mange formene spelet og organiseringa av det tek, er det ikkje like lett å samle tankane rundt. På bana har taktikk og teknikk blitt stadig meir avansert. Utanfor bana har det vakse fram eit verdsomspennande fotballindustrielt kompleks, der pengar og posisjonar styrer alt. Mellom det som føregår på bana, og det som føregår utanfor, opnar det seg ein avgrunn av sjølvmotseiingar, paradoks og hykleri. Kan det vere fordi fotball er ein sosialistisk sport i kapitalismens tidsalder?

«Sosialisme» er i alle fall tittelen på første kapittel i filosofen Simon Critchleys nye fotballbok, «Det vi tenker på når vi tenker på fotball». Frå byrjinga av har fotball handla om å samarbeide på bana og om å halde saman utanfor den: Gjennom samhandling og samspel sørgjer spelarane for at fansen blir del av ein fellesskap – ein fellesskap som er nedfelt i fotballklubbens historie, og som gjenoppstår på ny i kvar kamp.

Fotball er systemtenking som gir rom for individuell utfolding, og som gjennom det skapar storslegne augeblinker. Fellesskap, fridom, finesse. Grønt gras og gullpokal. Himmel på jord.

Dette synet på fotball er sjølvsagt frykteleg formelt og forferdeleg estetiserande, fordi det ikkje gir merksemd til pengane og korrupsjonen, sjåvinismen og rasismen, *hooliganismen* og maskulinitismen som omringar sporten. Men heller ikkje Critchley ser bort ifrå desse problema: «Det er en kommersialisert og tidvis lidelsesfull oppvisning av [...] kapitalismen [...]. Det kan være skrekkelig. Og likevel vil jeg insistere på at fotballen ikke *kun* er det.»

I sjølve forma si ber fotballen på eit minne om tidlegare samværs- og

SAKPROSA

Simon Critchley
Det vi tenker på når vi tenker på fotball
Oversatt av Audun Vinger
Tiden 2018, 200 sider



samfunnsformer, meiner Critchley. Her er det viktig å minne om at han er britisk, og har levd gjennom tiår der sosialdemokratiet har blitt så godt som utradert i Storbritannia. Frå 1980-talet har også fotballklubben som kollektiv blitt erstatta av eit enormt individfokus og ein abnorm penge-sirkulasjon. Berre forma på spelet minner om det som var.

Fotball treng altså kritikk, men fortener også ein poetikk. I boka forsøker Critchley å utforme ein slik poetikk. Han går fenomenologisk til verks for å finne fellesskapsverdiane i fotballens grunnformer, i det han omtalar som «fotballens i hovedsak samarbeidende natur»: Eit lag som spelar dårleg på lag, er rett og slett eit dårleg lag.

Med omgrep som «spel» (Gadamer), «historisitet» (Heidegger) og «praksis» (Sartre) forsøker han å fange spelarane og tilskodarane si førstehandsoppleving av fotballen, men han opnar også for å drage linjer ut av stadion, ut i samfunnet: Den «lykksalige dumskapen» i fotballen skapar ein arena

der spørsmål om lokal og nasjonal tilknytning, men også klasse, kjønn og solidaritet, kan bli indirekte utforska. «Når vi ser på fotball, går vi inn i en annen verden, en fantastisk, dum verden», skriv Critchley. Ein treng knapt vere fotballfan for å vere samd i det. Men dei som til dømes har sett denne fantastiske, dumme fotballverda dramatisert i NRK-serien «Heimebane», kan vel vanskeleg nekte for at fotballen synleggjer visse strukturar og verdier i samfunnet?

Det er trykt eit velkjent fotografi av den argentinske, myteomspunne magikaren Diego Maradona. Fotografiet er frå VM i Spania i 1982, og dersom ein tek seg bryet med å lese biletteksten bak i boka, kan ein sjå at det avslører individyrkinga i den moderne fotballkultu-

” Fotball treng kritikk, men fortener også ein poetikk.

ren. Med innsida av foten fører Maradona elegant ballen mot seks spelarar frå det belgiske landslaget. Dei belgiske spelarane ser rådvillige ut, andleta deira paniske.

Men faktum er at situasjonen på fotografiet var ganske ufarleg, og at dei belgiske forsvararane hamla greitt opp med Maradona gjennom heile kampen. Belgia vann til slutt 1–0. VM-pokalen blei verande ein draum for Maradona – ein draum som rett nok blei verkeleggjort i VM i Mexico fire år etter.

Når ein ser fotografiet i dag, er det kanskje bileta frå meisterskapen fire år seinare ein ser: Korleis Maradona forserte heile det engelske laget på eiga hand og scora eit av dei store VM-måla – eit av ganske mange unntak frå regelen om at fotball er ein lagssport, der kollektiv kraft betyr meir enn individuelle evner.

Eivind Myklebust

bokmagasin@klassekampen.no